

Soknepresten si helsing til årsmøtet 2011:

Kom, lat oss bygge opp att!

Kjære vener!

Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!

Hjarteleg takk til dykk alle for mange fine samlingar det siste året. Og for at eg får gjere Den Heilage Tenesta med Ord og Sakrament som Dykkar prest. Og, til Herren:

Eg takkar Han som gjorde meg sterk, Kristus Jesus, vår Herre, fordi Han synte meg tillit og sette meg til tenesta. 1.Tim. 1,12

Til dette årsmøtet for Øygardskyrkjelydane vil eg gå i same sporet som i fjor, med nokre ord til trøyst og oppmuntring, men óg på vegner av Herren gje dykk og meg sjølv eit fornya kall til tenesta i Guds vingard i Øygarden.

I referatet frå opninga av Bispevisitasen 2006 står det:

" Soknepresten opna med ord frå Nehemja 1 og 2 om starten av gjenreisninga av tempelet i Jerusalem og bad bøna i Nehemja 1,5-9."

Men på nettsidene våre har me alt lenge hatt eit preikeavsnitt av Biskop Bo Giertz¹ med same tema. Har du *ikkje* lese dette, les det no. *Har* du lese det, les det på nytt.

Begge desse kjeldene speglar nokre av dei åndelege ideal som eg har ønskt skulle følge prestenesta mi i Øygarden. Eg vonar at dei kan "gå i arv"! Om Gud vil, blir eg 60 år denne våren, og eg skal i mai ta til på det 10.året som Dykkar prest.

Nehemja-boka er fascinerande og viktig lesning med stor overføringsverdi til kyrkjesituasjonen vi står midt oppe i i dag:

Nehemja var ein av dei store leiarane i Israel etter at folket vart bortført til Babylon, det noverande Irak. Seinare kom persarane til å herske her. Nehemja var munnskjenk hjå kong Artaxerxes, og det er i denne tida at han får rapport frå nokre som hadde fått reise attende til Israel. Men det står dårleg til:

«Dei som slapp ut or fangenskapet, og som no bur der i landet, lever i stor naud og vanære. Muren kring Jerusalem er nedriven, og portane er brende.» Då eg høyrde dette, sette eg meg ned og gret. Eg syrgde i fleire dagar og fasta og bad til Gud i himmelen.»(Neh.1,3-4)

Nehemja vender seg no til Herren med inderleg syndsvedkjenning og bøn om "ny start":

"Eg sa: Å Herre, Gud i himmelen, du store og agelege Gud, du som held di pakt og gjer vel mot dei som elsker deg og held dine bod! Lat øyra ditt vera grannhøyrte og augo dine opne, så du høyrer bøna åt tenaren din, den som eg bed til deg både dag og natt for israelittane, tenarane dine. Eg sannar dei synder som vi israelittar har gjort mot deg. Både eg og farsætta mi har synda. Vi har bore oss ille åt mot

¹ <http://www.stellamaris.no/komlaoss.htm>

Frå preikesamlinga "Da falt ilden fra Herren" (Lunde, 1994)

deg og ikkje halde dei bod og føresegner og lover som du gav Moses, tenaren din. Kom i hug det ordet du tala til Moses, tenaren din, då du sa: «Er de trulause, vil eg spreia dykk mellom folka. Men vender de om til meg og held boda mine og lever etter dei, då skal eg samla dykk, om de så er bortdrivne til verdsens ende, og føra dykk til den staden eg har valt til bustad åt namnet mitt.» Dei er då tenarane dine og folket ditt, som du har fria ut med di store kraft og di sterke hand. Å Herre, høyr bøna åt tenaren din og tenarane dine, som gjerne vil ottast namnet ditt.»(Neh. 1,5-11)

Nehemja spør så kongen om å få fara til Jerusalem, og då han kjem dit undersøker han bymuren på ein nattleg ekspedisjon. Men det står altså ikkje godt til. Så viser det seg at han får folk med seg!

«De ser sjølve kor ille det står til med oss. Jerusalem ligg i røys, og portane er brende. Kom, lat oss byggja opp att muren kring Jerusalem, så vi ikkje lenger skal vera til spott og spe.» Og eg fortalde dei korleis min Gud hadde halde si gode hand over meg, og kva kongen hadde sagt til meg. Då sa dei: «Vi vil gå i gang og byggja!» Og dei tok fatt på det gode verket med full kraft. (Neh. 2,17-18)

I dei neste to kapitlane får vi eit inntrykk av korleis bygningsarbeidet går. Dei slepp ikkje unna problem. Her er stor motstand. Arbeidet er krevjande, og samhaldet kan bli rive opp. Men her rår ein åndeleg disiplin:

«Arbeidet er stort og vidfemnande, og vi står spreidde på muren, langt frå kvarandre. Når de høyrer hornet ljomar, kvar de så er, skal de samla dykk kring oss, og vår Gud vil strida for oss.»(Neh.4,19-20)

Plassen tillet ikkje at eg gjev att så mykje meir frå Nehemja-boka. Men eg er viss på at de alt "skjønar teikninga". I dei neste kapitlane får vi vere med når presten Esra "held opp" Bibelen for folket, les fra Guds Lov, lovprisar Herren, folket vert med i lovprisinga, og: **"...bøygde ...kne og kasta seg ned for Herren med andletet mot jorda."**(Neh.8,6b)

Seinare kjem lauvhyttfest,(Neh.8,13 flg.)ikkje noko mindre enn kollektiv syndsvedkjenning som minner Herren på Hans storverk i fortida, og endå til ei skriftleg avtale om ein ny åndeleg standard i landet mellom "kyrkja" og dei verdslege leiarane som sluttar med orda:

"Vi skal ikkje vanskøyta vår Guds hus!"(Neh.9 og 10; 10,39)

Stor overføringsverdi til situasjonen i dag, óg lokalt. Så stor at eg ikkje treng å seia mykje. Men:

***"Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre." (Gudstenesta, "Den Store Lovsongen")**Og då ikkje bare dei personlege syndene i tankar, ord, gjerning og forsømingar, men óg kyrkja og folket vårt sine synder.

*Lat oss ropa til Herren om ny start for kyrkje og folk!

*Lat oss ha åndeleg disiplin! Lat oss vera uthaldande i Bøn, Bibellesning, og Messefeiring. Gløym ikkje dei sjuke!

*Vi treng å samtale på tvers av alle arbeidslag i kyrkjelyden om *korleis* det skal skje, men vi må stå saman i å **"ta fatt på det gode verket med full kraft."**(Neh.2,18)

***Først og sist treng vi å møte Herren på nytt. Vi treng å sjå Hans Heilagdom. Som de har lært tyder *Heilag* lysande, varm, men óg brennande. Det *er* mogleg å "svi seg" på Herren. Men vår Gud er i Jesus Kristus óg kjærleg og miskunnsam og vil *varmt* ta i mot alle som vil omvenda seg og koma til Han på nytt.**

Kom, lat oss bygge opp att!

Svenn Martinsen